

Informasjon om endring i forskrift om mjølkekvoter

For 2021 er forskrift om kvoteordning for mjølk endra, med betydning for sal og utleige av mjølkekvote.

Det skal no registrerast digitalt kven som skal disponera kvoten, med innlogging på Landbruksdirektoratet via [Altinn](#). Inne i løysinga skal den som eig kvote registrera kven som skal leige eller kjøpe mjølkekvota. Her skal du opprette leigeforhold, endre leigeforhold og eventuelt legge inn sal. Dersom det ikkje vert gjort endringar, så vil det som no vert registrert automatisk vidareførast til neste år.

For deg som aktiv mjølkebonde, og som leigar kvote av andre er det viktig å ha ein enkel og god avtale med den du leigar av. Muntleg avtale er ikkje å anbefale og kan fort skape konflikt. Skriftleg avtale er med på å skape ei tryggare framtid for deg og du kan planlegge litt betre.

Ein skriftleg avtale bør som minimum regulere pris, lengde på avtalen og betalingsfrist. Det kan i tillegg stå noko om mislighald og oppseiing. Ein slik avtale (privatrettsleg) er bindande for partane, og vil stå seg overfor generasjonsskifte og sal av garden.

Vi på rekneskapslaget anbefaler alle å ha ein skriftleg avtale på leige av mjølkekvote og jord. Vi kan gjerne hjelpe til med å setje opp ein enkel avtale dersom det er ønskjeleg.

Minner samtidig om at fristen for å registrera disponering av kvoten er **1. november**.

Kjøpt kvote

Har ein kjøpt kvote frå staten eller andre private, så vert denne kvoten ført opp på eigar (bonden sitt personnummer). For at kvoten skal bli tilgjengeleg for bonden å produsera på som næringsdrivande, så må den aktiverast. Bonden må altså sjølv inn på Altinn og registrera seg med sitt organisasjonsnummer som disponent av kvoten. Dette gjeld for alle som har kjøpt kvote. Her vil det altså vera aktuelt å enten gi seg sjølv, samdrift eller leigetakar rett til å disponere mjølkekvota.

Fristen for å registrera disponering er **1. november** med virkning for påfølgjande kvoteår.